

## **Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 13.03.2015**

### **Vedtak**

I klimarådet skal anten Oda eller Katrine sitje, dei skulle tenkje på dette og bestemme seg i løpet av veka.

På Ungdommens Fylkesting i Sogn og Fjordane har UFU valt å sende Vegard og Miriam. Det er fordi UFT i Sogn og Fjordane er eit veldig formelt arrangert, og det er derfor positivt å sende nokon med litt erfaring.

Det er bestemt at eigen organisasjon skal ha hovudansvaret for fadderordninga. Miriam skal jobbe med region vest og Anniken skal jobbe med region sør. Oda skal vere Miriam sin vara, medan Henrik skal vere Anniken sin vara. Det skal lagast ei facebookgruppe med alle leiarane i ungdomsråda rundt i fylket.

I helga har opplæring og helse skriven tre resolusjonar, ein om stipendordninga, ein om omvendt undervisning og ein om fysisk aktivitet.